

# Rapport innbyggjarundersøking

## Ny samfunnsplan, Gulen kommune

**Bakgrunn for undersøkinga:** Sikre medverknad i arbeidet med ny samfunnsplan frå aldersgruppa 30 år til 64 år. Denne aldersgruppa har vi lite dokumentasjon om.

*-Trivs denne aldersgruppa i kommunen? Kvifor har dei valt å bu her? Kva saknar dei? Kva er viktig om 15 år?*

**Om spørjeundersøkinga:** Styringsgruppa til prosjektet *Ny samfunnsplan* har, saman med prosjektleiargruppa, utarbeidd spørjeundersøkinga.

Det vart utarbeidd 20 spørsmål, der 18 av desse var obligatoriske og bestod av avkryssing – anten ein eller fleire alternativ. Undersøkinga vart avslutta med to opne spørsmål, der det var valfritt å svare. Det var estimert at undersøkinga tok om lag 4 minutt.

Alle innbyggjarane i Gulen fødd mellom 1958 og 1992 fekk sms med link til spørjeundersøkinga.

**Tidsrom:** 24. februar til 10. Mars – 2022.

**Oppslutnad:** 600 svar / 61 prosent.


**Svakheit ved undersøkinga:** Det var mogleg å svare på undersøkinga meir enn ein gong. Det vart sendt ut påminning om å svare på undersøkinga etter ei veke, og då har det skjedd at nokon har sendt inn endå eit svar.

- I underkant av 40 prosent svarte på undersøkinga etter fyrste sms.
- Etter påminninga gjekk svarprosenten opp til i overkant av 60 prosent.


Vurderer at det er eit fåtall som har sendt inn svar meir enn ein gong, og at påverknaden er neglisjerbar.

## Resultat


### Spørsmål 1: Kjønn.



### Spørsmål 2: Kva aldersgruppe høyrer du til?




### Spørsmål 3: Sivil status.




❖ Det er verken ei aldersgruppe eller eit kjønn som skil seg ut bak kategorien einsleg.

### Spørsmål 4: Kva fullført utdanningsnivå har du?




### Spørsmål 5: Kva skulekrins høyrer du til?




❖ Det er gledeleg å sjå at det er jamn svarfordeling mellom bygdene.

### Spørsmål 6: Kor lenge har du budd i kommunen etter fylte 20 år?



- ❖ Sjå om vi finn noko samanheng opp mot «føle du deg som ein del av fellesskapet»

### Spørsmål 7: Er det born i husstanden?




Dette spørsmålet er interessant då dei som har born i husstanden ofte blir tilknytt nettverket som ungene er ein del av. Dei som har born i barnehagen / grunnskulen blir automatisk ein del av aktivitetane tilknytt barnehage / grunnskule. Når ungene blir eldre, så blir gjerne foreldra friare til å disponere fritida si sjølv. Dei som ikkje har born i husstanden har større fridom til å velje sitt eige nettverk. Det kan opplevast som vanskeleg å ikkje «automatisk» bli inkludert i eit nettverk, slik som barnehage / skule kan føre med seg.

Faktoren *born i husstanden* kan påverke i kva grad ein føler seg som ein del av fellesskapet der ein bur og kor engasjert ein er i lag / organisasjonar.


- ❖ Vi kan ikkje sjå noko samanheng mellom dei som ikkje har born i husstanden og grad engasjement – denne gruppa føler seg som ein del av fellesskapet og dei er engasjert.

### Spørsmål 8: Er du i jobb eller under utdanning?



- ❖ I underkant av 90 prosent svarar at dei er i arbeid. Dette gjenspeglar den låge arbeidsløysa i kommunen.

#### Spørsmål 9: I kva grad er du fornøgd med å bu i kommunen? – 5 er mest fornøgd.




- ❖ 60 prosent har svart 4 eller 5.
- ❖ Gjennomsnittet er 3.71.

Av dei som har svart 1, så ser vi at over halvparten av desse ikkje føler seg som ein del av fellesskapet der dei bur. Vidare ser vi at omtrent samtlege av dei som har svart 1, ikkje føler seg trygg i Gulen. Vi ser ikkje noko eintydig mønster knytt til alder, kjønn, fullført utdanning, skulekrins, born i husstanden eller arbeidsforhold.


Av dei som har svart 2, så melder nesten samtlege at dei føler seg trygg i kommunen og at dei føler seg som ein del av fellesskapet.

#### Spørsmål 10: Kvifor har du valt å bu i kommunen?




- ❖ Her var det mogleg å svare fleire alternativ. Omtrent halvparten har svart natur og nettverk. Elles scorar tryggleik, gode oppvekstvilkår og gjev fridom høgt. Ein ser at inkluderande miljø ikkje scorar særleg høgt.
- ❖ Neste halvparten av dei som har svart legg vekt på eit nettverk i Gulen. Vi må bli attraktive for dei som ikkje har nettverk i Gulen også.

#### Spørsmål 11: Føler du deg som ein del av fellesskapet der du bur?




- ❖ 61 prosent svarte «Ja, eg kjenner dei fleste»; av desse gav 74 prosent høg (4-5) rangering på spørsmål 9 *I kva grad er du fornøgd med å bu i kommunen? – 5 er mest fornøgd.*
- ❖ 10 prosent svarte «Nei, det gjer eg ikkje»; av desse ser vi at det er ujamn fordeling mellom bygdene.




Vi ser ingen samanheng mellom dei som ikkje føler seg som ein del av fellesskapet og at det ikkje er born i husstanden. Fleire er også med i lag/organisasjonar.

**Spørsmål 12: Er du engasjert i ein eller fleire lag eller organisasjonar?**




- ❖ Av dette spørsmålet ser vi at det er fleire (13 prosent i målgruppa) som kunne tenke seg å vere ein del av lag / organisasjonar i nærmiljøet sitt. Dette må lag og organisasjonar ta til seg, slik at nye medlem kan rekrutterast.

**Spørsmål 13: Kva manglar du i kommunen?**




- ❖ Her var det mogleg å svare fleire alternativ.
- ❖ Over 40 prosent har svart fritidstilbod. Elles kjem tilbod til borna og kollektivtransport høgt.
- ❖ I spørsmål 19 kunne ein skrive korleis ein ser for seg Gulen i 2034, og fleire har meldt at dei ynskjer kollektivtransport til og frå Bergen, slik at ein enkelt kan ta seg dagstur til byen.

#### Spørsmål 14: Føler du at du har moglegheit for å påverke ditt lokalsamfunn?




- ❖ Resultatet av dette spørsmålet viser at vi har ein veg å gå når det kjem til å vere tydeleg i kommunikasjonsvegen inn til kommunen, men også til lag og organisasjonar. Det er synd at mange innbyggjarar sit med opplevinga av at det er vanskeleg å vite korleis ein skal påverke lokalsamfunnet sitt, og at ein ikkje veit korleis ein skal gå fram.

#### Spørsmål 15: Føler du deg trygg i Gulen kommune?




- ❖ Over halvparten av dei som ikkje føler seg trygg, føler seg ikkje som ein del av fellesskapet der dei bur. Vidare er ¼ av desse interessert i å bli ein av lag / organisasjonane i sitt nærmiljø.

### Spørsmål 16: Kva opplever du som utrygt i Gulen?



- ❖ Her var det mogleg å svare fleire alternativ.
- ❖ Over 60 prosent meiner politiet er for langt unna. Elles scorar trafikktryggleik og at ambulansen er langt unna høgt.
- ❖ Det er godt at nærleik til sjø og rus/kriminalitet/vald i liten grad blir opplevd som utrygt i Gulen.
- ❖ Klimaendring blir ikkje opplevd som utrygt i Gulen.

### Spørsmål 17: Kva slags møteplassar meiner du at det er viktig å satse på?




- ❖ Her var det mogleg å svare fleire alternativ.



- ❖ Over 50 prosent har svart idrett / trening, tett etterfylgt av serveringsstad, attraktive bygdesenter og ungdomshus / klubbhus. Dette er gode innspel som kommunen må ta med seg i arbeidet med å utvikle bygdene våre.

**Spørsmål 18: Kva er viktig for deg i eit perspektiv på 15 år som busett i kommunen? – kryss av på maks 3 alternativ.**



- ❖ Her var det mogleg å svare fleire alternativ.
- ❖ Over halvparten har svart godt butilbod i alle livsfasar og attraktive arbeidsplassar.

**Spørsmål 19: Korleis ser du for deg Gulen i 2034?**

Fullstendig oversikt over svara ligg som vedlegg sist i denne rapporten.

- Svara «veit ikkje» og «same som no» er fjerna frå lista.

Innbyggjarane uttrykker blanda kjensler; nokon er svært positive og ser for seg tilflytting og vekst, medan det også kjem fram dystre spådomar om fråflytting og nedlagte grender. Det er ikkje semje om det skal vere fire ungdomsskular eller om skulemiljøet skal samlast for å sikre større nettverk for ungdomane våre. Symjebasseng og fleirbrukshall er også mykje omtalt, samt tilrettelegging for bustad.

**Spørsmål 20: Har du noko anna på hjarte?**

Fullstendig oversikt over svara ligg som vedlegg sist i denne rapporten.

- Svara «veit ikkje», «Ja» og «Nei» er fjerna frå lista.

**Til vidare arbeid**

- Det blir etterspurt fleire møteplassar for både born, ungdom og vaksne. Kommunen må kartlegge kvar type møteplassar som blir etterspurt.
- Framsnakking av bygdene og kva dei får til. Framsnakking av næringslivet og det dei får til. Framsnakking av kommunen og det dei får til.

- Korleis kan kvar enkelt av oss bidra?

### Vedlegg:

#### Vedlegg 1: Svar på spørsmål 19 Korleis ser du for deg Gulen i 2034.

Nr.	Korleis ser du for deg Gulen i 2034
1	Forhåpentlegvis fleire innbyggjarar, slik at vi slepp skulesamanslåing.
2	Fleire busatte, større "sentrum".
3	At det fortsatt er 4 barne- og ungdomsskular i kommunen. At vi har fått basseng i kommunen (gjerne i Sløvåg). At det blir lagt ut tomter slik at fleire kan byggje og bu. Møteplassar i nærmiljøet.
4	Godt tilbod for arbeidsplassar, nye bustadfelt godt etablert, vekst i folketal, renoverte skular og eit flott bassenganlegg.
5	Færre innbyggjarar enn no.
6	Symjebasseng med terapibad i Sløvåg.
7	Fråflytta småbygder rundt om i kommunen.
8	Litt fleire innbyggjarar.
9	Meir næringsliv, men pendlarar frå andre plassar.
10	Håpar på meir tilflytting.
11	Eit rasert landbruk, sikkert 3 bønder i Brekke; ein kommune med bygder til forfall.
12	Fleire arbeidsplassar og tilflyttarar.
13	Ein kommunen som ser framover og utviklar seg. Ein kommune som ser folket.
14	Dessverre for lite arbeidskraft, lite ungdommar og for mykje eldre.
15	Alle kan bu der dei ynskjer og få lik stønad. Symjebasseng i Sløvåg.
16	Håpar auka tilflytting har blitt ein realitet. At vi bur i ein kommune som har gode tilbod til sine innbyggjarar i alle aldrar.
17	Omtrent som no, men med eit yrande folkeliv der born har gode oppvekstvilkår og eit barnehage- og skuletilbod i nærleiken til heimen.
18	Håpar å sjå gul stripe mellom fergene i Sløvåg og Rutledal. Og elles at Gulatinget og kulturlivet vert attraktivt og besøkt. Til og med i Austgulen har dei fått sherpa sti, kanskje.
19	Gulen må leggje til rette for bustadbygging. Næringslivet får ikkje tak i dei gode folka om vi må innlosjere dei i rorbuer og hytter. Prøvebustadar til nye innbyggjarar.
20	Ein kommune i vekst.
21	Det har skjedd lite utvikling i Gulen i forhold til tenestetilbodet dei siste 15 åra og forventar ikkje at det skjer mykje dei neste åra heller.
22	Ein kommune i vekst og utvikling.
23	Mindre byråkrati.
24	Samanslått og vidareutvikla med solid infrastruktur eller ein utkantkommune i bruk berre om sommaren og haustferien.
25	Mykje spennande utvikling i Skipavik og Sløvåg, fått symjebasseng og flytte kommunesenteret der Eivindvik er utransjert.
26	Nye bustadfelt og tilflytting som konsekvens av arbeidsmarknaden i området. Utvida fritidstilbod og andre tilbod i kjølevatnet av tilflytting.

27	Brekke som kommunesenter. Betre vegar.
28	Positivt, håpar Gulen utviklar seg til å bli ein god kommune å bu i.
29	Det må bli meir attraktivt å flytte heim igjen for ungdom. Fleire møtestadar, sosiale samankomstar, arbeidsplassar. Det er lite bustadar i Dalsøyraområdet og lite framtidig satsing og utvikling frå kommunal side i bygdene. Skal ein eige og leve i kommunen er det eigedomsskatt, dyre kommunale gebyr og veglysa i bygdene må ein betale sjølv, dette burde kommunen sett på.
30	Betre vegar og godt utvikla bygdesentrum med gode møtestadar for folk i alle aldrar. Folkevekst i alle skulekrinsane.
31	Det er betre lagt til rette for møteplassar for alle fasar av livet. Det er etablert samarbeid med Masfjorden som sikrar oss større fagmiljø og god kompetanse innanfor mellom anna helse, skule og administrasjon.
32	Trur ikkje Gulen vil utvikle seg. Blir slått saman med andre kommunar, og blir ein utkant.
33	Fråflytting og forfall har satt sitt preg.
34	Lite arbeidsplassar utanom Sløvåg. Lite ungar i skulane og barnehagane.
35	Sentrum i Sløvågområdet. Fleirbrukshallen er komen opp. Meinar personleg at det ikkje treng vere tilnytta skule, då det vil miste kundegrunnlag for dei som ikkje har born på folkeskulen. Og gjerne pol og apotek i same område. Elles har eg ikkje noko spesielt.
36	Slik det er no, er eg usikker på om det har blitt sore endringar fram til 2034 forutan om i det private næringslivet. Det verkar som dei satsar større, men kommunen heng ikkje med. Kommunen burde satse meir på bustadar / tomter / bustadfelt. Oppgradere veg, kulturtilbod / fleirbrukshall og anna tilbod. Kommunen slik den er no, er ikkje attraktiv for folk som ikkje har tilhøyre her. Ein må prøve å lokke tilflyttarar hit. Kommunen treng folk som buset seg her, og ikkje vel å pendle hit dagleg til arbeid. Kommunen treng å få barnefamiliane til å ville bu her, samt få ungdomane våre til å velge å flytte heim. For å få til dette må Gulen bli ein meir attraktiv stad å bu
37	Basseng med fleirbrukshall i Sløvåg. Stor aktivitet i sørleg del av Gulen
38	Basseng uteblir. Nye byggjefelt. Vegane blir som no, ingen utvikling.
39	Fortsatt rikt næringsliv. Gulen må vekk frå dagens struktur med fire bygder som jobbar mot kvarandre. Dette er ikkje berekraftig og der hindrar satsing og vekst.
40	Redd for at det er veldig lite born, skular er slått saman. Håpar på levande bygder med godt fellesskap som støtter kvarandre og som tek godt imot og tek vare på dei som ikkje har næraste familie her.
41	Slått saman med Masfjorden. Legevakt 24/7. Politi i kommunen. Eit næringsliv som framsnakk kommunen, og ein kommune som framsnakk næringslivet. Ein skikkeleg sjukeheim med godt tilbod for dei sjuke eldre. Eldresenteret bør berre ha friske eldre som klarar seg sjølv. Symjebasseng med andre tilbod i Sløvåg. Eit knutepunkt for Gulen og Masfjorden samt sørsida av Fensfjorden. Felles ungdomsskule slik at elevane våre utvikler seg betre og får sjans til å få nye vener før dei startar på vidaregåande skule.
42	Betre skulestruktur for ungdomsskulane.
43	Håpar på fleire jobbmoglegheiter sånn at kommunen er attraktiv for yngre folk og familiar.
44	Mange attraktive arbeidsplassar. Tilgong på leigebustadar. Framleis nærleik til barnehage, grunnskule og vidaregåande skule.

45	Slik det ser ut i dag, så vil dessverre folketalet bli mindre. Fleirbrukshall med basseng og tilrettelegging og nyetablering av bustadhus må ha fokus. Skulestrukturen må vurderast. Det må bli attraktivt å busetje seg her, og då må dei føregåande punkta realiserast.
46	Lågare folketall, eldre befolkning, kanskje dårlegare tenestetilbod
47	Ein kommune med folkevekst og levande bygder som samarbeider med kvarandre.
48	Mykje ekstremver og fråflytta.
49	Slått saman med Masfjorden.
50	Betre busstilbod og apotek og at vi som bur berre 5 minutt frå Dalsøyra slepp å reise til Eivindvik for ein liten pakke. Adressa var Dalsøyra før. Håpar eigedomsskatten blir fjerna.
51	Fleire innbyggjarar, eit større sentrum med ulike tilbod til både fastbuande og tilreisande, gode tilrettelagte uteplassar/myldreplassar i naturen, men i tilknytning til bustadmiljø. Betre fergetilbod til Solund og Leirvåg.
52	Som i dag, kanskje litt lågare folketall.
53	Håpar på fleire arbeidsplassar. Ikkje høgreordførar.
54	Eivindvik er framleis hovedsete med legekontor og hotel som blir drive på heilårsbasis. Ser for meg at det kjem fleire arbeidsplasser i Sløvåg og Skipavik. Håpear at dei to industriotomtene i Sollibotn blir utnytta og skaper arbeidsplasser. Ser for meg at den avdelinga som ein vil leggje ned på sjukeheimen kan nyttast som rehabiliteringsavdeling. Dette kan jo skape fleire arbeidsplasser, og ein kan tilby nabokommunar å nytte seg av tilbudet og tene på det.
55	Betre samhandling / samarbeid mellom bydesentra, ein ungdomsskule, ein sjukeheim, og gode heimesjukepleietenester i alle bygdene, betre og rassikra vegar, gode kulturtilbod, hotell og turisme, levande bygder som bygger på dei ressursane vi har rundt oss. Eit tilbod for alle som treng det, gode helsetenester, og god ivaretaking av alle aldersgrupper. Tryggleik og framtidstru.
56	Betre vegar i heile Gulen.
57	Gulen aukar innbyggjartalet fordi Gulen har blitt framoverlent og satsar på det dei fleste innbyggjarane ynskjer seg. Attraktive tomter til nye innflyttarar. Arbeid finnast det. Gode fritidstilbod og eit nytt flott fleirbruksanlegg. Eldrebustadar, ungdomsskule, helsesenter og møtestadar. Badeanlegg.
58	Basseng i kommunen. Opprusta vegar. Veglys. Serveringsstad. Tannlege
59	Kommunen vert driven meir effektivt med meir sentraliserte tenester. Berekraftig økonomi og drift er i fokus. Frivillige utfører meir.
60	Meir struktur på veg kan vere på plass, betring av veglys i bygdene, tilbod til born og unge. At kommunen sine innbyggjarar kan bli eining om eit symjebasseng på ein plass der det lar seg drifte uten at kommunen må stenge ned etter kort tid.
61	Ei større næring og fleire arbeidsplassar og betre veg.
62	Fortsatt like korrump og tunnelsyn som det er i dag. Utvikling og moglegheiter diskuterast fortsatt i kvar si bygd. Så vi står nok utan basseng, folk flyttar heller til nabokommunar grunna eigedomsskatt, helse og lege fortsatt ikkje tilgjengeleg innan rimeleg reisetid for alle bygdene i kommunen. Skulesystemet står som det er, barnehagar leggjast vel ned.
63	25 meter symjebasseng er kommt opp og vi kan ha symjestemner. Gjere Gulen meir synleg.
64	Symjehall skal vere ferdig innan 2034.

65	Ein kommune som har fokus på born og ungdom. At ein kan jobbe med det ein ynskjer, med moglegheit for heimekontor. Fokus på natur, kultur og fritidstilbod for alle aldersgrupper.
66	Mykje det same som no. Håpar det er kome basseng i kommunen.
67	Meir tilbod for born til dømes symjeopplæring /-trening, cross/trialbane for born og vaksne. Møteplassar i kvar enkelt bygd for dei over 18 år, gjerne med servering.
68	Alt for mykje hytter og trafikk på dårlege vegar.
69	Godt å bu for eldre, unge og born. At vi har vår fastlege som ein tryggleik i Gulen. Den same som eg har no. Eg har ein lege som forstår og set seg inn i situasjonar som er vanskeleg. Eg har ein meget erfaren og dyktig fastlege.
70	Eg trur mange tenker på flytte frå Gulen, så eg trur Gulen kjem til miste ein stor del innbyggjarar med høgare utdanning.
71	Trur nok at vi er ein del av ein større kommune
72	Mindre kommunale tenester i Eivindvik, då det ikkje lenger er eit geografisk naturleg kommunesenter. Kommunesenteret er flytta lenger sør i kommunen. Tenestene er no meir tilgjengelege for større delar av kommunen. Vidare utvikling av næringsliv og forhåpentlegvis satsing på bustad og utvikling av infrastruktur. Befolkningsvekst knytt til dette. Stort fokus på psykisk helse og fysisk aktivitet for alle aldersgrupper. Kommunen jobbar aktivt for å få attraktiv arbeidskraft som vil bli buande. Satse på utdanning for tilsette, innvilge permisjon, og villige til å forhandle løn.
73	Ein kommune som unge flyttar vekk i frå grunna mellom anna mangel på tomt og tilbod ein finn lettare nærare byane.
74	Fråflytta, tomme skular, gjennomsnittsalder er høg, privat næringsliv hemma grunna dårleg kommunepolitikk, rammevilkår endå dårlegare enn i dag.
75	Auka antal innbyggjarar dersom kommunen legg til rette for idrett og symjeanlegg sentralt i kommunen.
76	Slått saman med Masfjordne kommune. Endå fleire hyttefolk.
77	Mange nye bustadar og familiar som er flytta til grunna mange nye arbeidsplassar.
78	Eg håpar kommunen har bygd nok tomter i kommunen og på denne måten får befolkningsvekst.
79	Gode møteplassar i bygdesentra. God kollektivtransport til og frå Bergen, som gjer at ein kan reise på dagstur til Bergen med kollektivtransport.
80	Vi er nok underlagt ein større kommune.
81	Utan nye born ein døydande kommune.
82	Ein god og trygg stad å bu for alle. Unge flyttar tilbake til Gulen og får seg arbeid sånn at det ikkje berre blir gamle folk som bur her. Gulen veks i folketall med unge familiar.
83	Meir utbygd
84	Håpar det blir meir tilflytting.
85	Framleis grunnskule i dei fire grendene; Eivindvik, Brekke, Dalsøyra og Byrknes. Det er viktig for tilflytting til bygdene våre.
86	Ein stor distriktkommune som tør å sei at det er det vi er.
87	Trur det blir færre arbeidsplassar utanom Sløvåg / Skipavik. Mesteparten av bødene har gitt seg dersom ikkje regjeringa snart ser verdien av å vere sjølvforsynt med mat her i landet. Fjella blir vel dessverre full av øydeleggjande vindindustri.
88	Folketom

89	Skulekrinsane er som i dag, og ikkje lagt ned. Betre vegstandard. Fleire unge som buset seg her. Lettare å finne bustad. Lettare å etablere seg i kripsane.
90	Betre helsetilbod, fleire eldrebustadar. Godt tilbod knytt til kollektivtransport. Fleire arbeidsplassar i Sløvåg og Skipavik.
91	Kommunesentret, legesentret og kommunehuset flytta til området ved Sløvåg.
92	Redd for forureining frå Sløvåg industriområde.
93	Eg ser for meg ein kommune i utvikling når det gjeld arbeidsplassar. Meir sentralisering. Betre vegar. Meir tilbod for unge og vaksne.
94	Rutebåten går fortsatt til øyane i Gulen. Helsehjelp om naudsynt til øyane i Gulen. Moglegheit for matlevering til øyane når det er behov.
95	Avhengig av politisk styring. Dersom det er offansiv satsing på infrastruktur, så kan Gulen bli eit nav i regionen.
96	Lite folk og nedlagt skule i Brekke.
97	Meir utvikla dersom kommunen gjer tiltak slik at fleire buset seg her.
98	Topp, dersom vi beheld skulane som no.
99	Meir arbeidsplassar, betre vegar, oppretthalde skule i kommunen
100	Ein kommune som er attraktiv for alle aldrar med omsyn til skule, barnehage, lege, eldreomsorg, bustadfelt, attraktive jobbar osb.
101	Gulen og Masfjorden ein kommune.
102	Arbeidsplassar basert på teknologi og fornybar energi.
103	Tryggleik gjennom gode tenester (helse, pleie- og omsorg, oppvekst) - ekstra viktig å ha tryggleik dersom helsa vert dårleg - både helse- og omsorgstenester. Fortsatt god tilgang til natur - og det må ikkje bli sett opp vindmøller. Fellesskapsfølelse og møtestadar. Bidra til berekraftig næringsutvikling.
104	Gulen har vakse. Vi kjenner ikkje alle i skulekretsen - og det er ein positiv ting som bidreg til mangfold. Kommunen har satsa på tilbod til born og ungdom (også dei som er ferdig med ungdomsskulen) og dette gjer det attraktivt og kjekt å vere ung i Gulen. Fleirbrukshall, symjebasseng og andre aktivitetstilbod som gjer det gøy - og lett - for unge å samlas.
105	Håpar det er ein tilflyttarkommune med gode tenester i alle livsfasar.
106	Fleire av dei unge flyttar vekk, den eldre befolkninga er igjen. Ein ungdomsskule i heile kommunen.
107	Ein kommune som har satsa for lite på husbygging / fasilitetar i områda rundt der det er stort behov / aktivitet grunna industri av forskjellig art. Kjem til å tape mykje skatteinntekter på busetnad i nabokommunar som Masfjorden og Austrheim.
108	Det finnst attraktive møtestadar / café - til dømes at Gulatinger er møtestad for kulturlivet. Symjebasseng i kommunen.
109	Slik som no, men utan eigedomsskatt på bustad - men hytte kan ha eigedomsskatt.
110	Kanskje mindre tilbod i kommunesenteret.
111	Fleire som flyttar vekk frå byane og ynskjer det "nære". Det trengs fleire bustadar og meir infrastruktur - men samtidig er det like "urørt" som no.
112	Dessverre trur eg det vert mindre offentlege kulturtilbod, kollektivtransport, møtestadar osb. og at kommunen har mindre pengar.
113	Lite endring - stabilt og forutsigbart.
114	Vi sit vel utan legekontor og kommunehus /-senter. Og som no; utan tannlege, berre ein tannpleiar, dersom vi er heldige. Håpar på ein matvarebutikk til. Og symjebasseng?

115	Redd det vert mindre og mindre til dei små grendene i kommunen og at all sentralisering vert i Sløvåg.
116	Kommunen er slått saman med Masfjorden. Nytt kommunesenter og færre skular, men infrastruktur som halverar tida frå A til B.
117	Gode helsetenester til alle, betre og billegare kollektivtilbod, billegare fritidstilbod, bygdene bør bli meir inkluderande - spesielt ytre.
118	Gode inntekter og arbeidsplassar i vindparkane.
119	Forhåpentlegvis har vi symjebasseng og idrettshall i Sløvåg. Kommunen er slått saman med Masfjorden.
120	Fleire busette og innbyggjarar med initiativ for det dei er gode på. Freding av strandsona og lettare tilgang med sti for å nytte friluftslivet for gåande, og til ro for dyreliv. Innbyggjarar som ynskjer å ha kyrkja som sin plass.
121	Kafé. Meir organisert møteplass for ungdom.
122	Fråflytting.
123	Utfordring å få ungdom til å busetje seg.
124	Forhåpentlegvis ein sterk distriktskommune med stabile arbeidsplassar og aukande innbyggjartal.
125	Betre vedlikehald av vegane. Betre kollektivtilbod. Forsatt nærleik til skule.
126	Skulekrinsane består. Barnehagane er fulle. Butilbodet er stort og tilrettelagt, og næringslivet blomstrar. Forutsigbart slik at ungdom vil flytte heim og satse. Skal Gulen ha ei framtid er det forutsigbarheit i samband med dette at folk vil flytte heim og satse.
127	Ein trygg og god kommune å bu i, og som har det meste som gjev eit psykisk og fysisk godt liv til alle innbyggjarane.
128	Forhåpentlegvis ny kommunedirektør.
129	Draumen er endå betre infrastruktur mellom bygdene. God møteplass for ungdom. Etablering av nytenkjande verksemder - nye arbeidsplassar. Serveringsstad/drifta hotell i Eivindvik. Betre utnytting av Gulattingstaden for turistar og kommunen sine innbyggjarar. Skulestrukturen held fram. Symjebasseng på plass i kommunen.
130	Moderne utgåve av dagens kommune.
131	Ein trygg stad å bu. Fleire bur i bygdesentera.
132	Auka innbyggjartal.
133	Noko optimistisk håpar eg vi har mykje fleire fellesarenaer mellom bygdene. Ein ungdomsskule er ein god start. Samtidig håpar eg dei som ynskjer å bu i Gulen, innan rimeleg grenser, får bu der dei ynskjer. Det er det viktigaste, vi som kommune, kan bidra med.
134	Som no; evige diskusjonar om skal / skal ikkje ha, tungt å ta politiske avgjersler i store saker som gjer at det ikkje skjer noko.
135	Slik som i dag der alle bygdene slit med sitt.
136	Mykje som i dag; stor arbeidsinnvandring kombinert med framleis fråflytting av dei lokale. Det er akkurat utarbeida ei ny mogleighetsstudie for basseng i Gulen - noko vi ikkje har.
137	Symjebasseng.
138	Ein kommune for alle livsfasar.
139	Ein attraktiv kommune i vekst.
140	Innbyggjartalet har auka grunna industrien sør i kommunen.

141	Stort sett heilt fråflytta, og endå mindre unge enn i dag.
142	Håpar vi er omtrent som i dag; ein trygg plass å bu utan for mykje støy utanfrå - likar ikkje konsulentar som skal fortelje oss korleis ting skal vere. Våre eigne folkevalde må ha tiltru til vår eigen og sin intelligens til å styre dette sjølv.
143	Ein attraktiv kommune med arbeid og aktivitetar for ungdom som vil busetje seg i bygdene.
144	Dersom kommunen tilrettelegg for unge familiar og bustadfelt, så kan det skje positiv utvikling i kommunen.
145	Betre utbygging av vegane i Gulen. Det er dårleg brøyting om vintaren grunna einvegskøyrte og hjulspor. Sprengje og lage breiare veg. Håpar at opprusting av Eivindvik og hotell held fram slik at båtturismen kan blomstre. Samt symjebasseng i Sløvåg. Fartsdumpar i "sentrum" - folk køyrer for fort og det er ingen trafikktrygg veg for fotgjengarar.
146	Dersom Gulen og Mafjorden maktar å kome i gang med eit truverdig samarbeid med til dømes felles samfunnsplan, så ser eg gode moglegheiter for utvikling og folkevekst sidan vi har stor industri sør i Gulen med mange arbeidsplassar. Alternativt ser eg nedgang i folketalet med dagpendling til Gulen.
147	Litt fleire innbyggjarar, kanskje av den yngre generasjonen. Med stor teknologisk utvikling på dette tidspunktet, vil eg tru, at digital globalisering kan vere med på å potensielt ha skapt ein attraktiv arbeidsplass(ar) i Gulen, som kan setje kommunen på kartet.
148	Ikkje stor endring. Eg føler at kommunen motarbeidar og gjer det vanskeleg for folk og verksemdar å lage fleire tilbod i kommunen. Økonomien i kommunen føler eg ikkje blir behandla slik den bør. Kommunen er ikkje flink til å skape tilbod slik at fleire folk buset seg i kommunen. Gulen kommune blir ikkje attraktiv viss ikkje det blir meir tilbod for innbyggjarane.
149	Auka folketal, fleire unge familiar, fleire arbeidsplassar.
150	Symjebasseng og hall plassert sentralt i kommunen, det vil sei Dalsøyra. Lik reiseavstand for alle, og ved ein skule.
151	Mange gamle og få unge.
152	Ein kommunen som folk ynskjer å bu i.
153	Spreidd busetnad.
154	Meir industri og gode private arbeidsplassar. Håpar vi er slått saman med Masfjorden.
155	Betre veg. Slått saman med Masfjorden.
156	Er redd for nedbygging av kommunesenteret, og at fleire tenester vert flytta.
157	Gulen er ein kommune med gode moglegheiter og med mange spennande ting som skjer. Flinke folk i denne kommunen. Det er godt å bu her og det trur eg det held fram med.
158	Lite folk om ikkje det blir betre butilbod til unge personar og eventuelt arbeidsplassar.
159	Ok plass å bu på.
160	Ingen vindturbin-industri og mykje urørt natur.
161	Ein trygg kommune med gode tilbod for born / unge og tilrettelagt for at eldre kan bu heime / i heimbygda. Levande bygder og bygdersenter med skular.
162	Stor aktivitet og mykje arbeidsplassar i privat sektor, ingen utvikling av infrastruktur, kommunalsektor som ikkje heng med og ikkje har utvikling. Fortsatt usemje mellom privat næringsliv og kommunal sektor vedk. utvikling, fritidstilbod, symjebasseng osv.



	Fortsatt låg tilflytting og mindre elevar på skulane. Høgare gjennomsnittsalder enn i dag.
163	Vanskeleg å sjå framover. Er litt bekymra for at det kan bli ein døydande kommune.
164	Eg føler at Gulen geografisk og innbyggjarmessig er svært oppdelt. Eg håpar at innan 2034 så er det ein meir samansveisa kommune på alle måtar. Kanskje har kommunesenteret flytta på seg, eller det vert tatt opp til vurdering i den tida? Eg håpar at barnehagetilboda kanskje er blitt betre innan eg sjølv har fått ungar, og at det er fleire fritidstilbod til borna. Eg kryssar fingrane for at naudetatane vert styrka her i utkanten, på alle plan. Vidare hadde det vert flott om det vart fleire arbeidsplassar, slik at Gulen blir meir ettertrakte både for lokale og tilflyttarar.
165	Betre vegstandard. Politi i nærleiken. Få offentleg hjelp når ein treng det.
166	Bra dersom kommunen let ting vere i fred og ikkje står i vegen.
167	Ein kommune som har klart å gjere seg synleg utanfor eige kommunegrense at det er fint å bu her. Bygder som løfter kvarande fram.
168	Større ungdomsskule, gjerne i samarbeid med Masfjorden. Moderne, god sjukheim med gode omsorgsbustadar og aktivitetstilbod i nær tilknytning. Samle kompetanse og like brukargrupper for å fokusere på kvalitet framfor kvantitet og tilbod over alt.
169	At det framleis er 4 barne- og ungdomsskular. At det framleis er 4 bu- og omsorgssenter med nattevakt og kokk. At Brekke sentrum er rusta opp til eit sentrum der ein får lyst til å stoppe, og ikkje berre køyrer forbi.
170	Dersom kommunen vel å satse på barnehage, helsetilbod, billege hustomter og sørgjer for at alle arbeidsplassane i Sløvåg og omland blir noko av, så trur eg ikkje kommunen blir avfolka, og at det sit att nokre gamle folk her og der.
171	Mykje det same som no. Vi kranglar kvar vi skal leggje symjebasseng endå vi eigentleg ikkje har råd til det. Vi er fortsatt ikkje verdas navle sjølv om Eivindvik meinar innbitt at dei fortsatt er det. Dalsøyra blir overkøyrd. Brekke køyrer sitt eige løp og Byrknes finansierast av Firda når dei skal få til noko.
172	Lågt folketall. Fråflytting.
173	Slått saman med ein eller fleire nabokommunar. I dag er Gulen kommune på gebyrtoppen og lågast på lønsstigen til tilsette utanom kommunehuset. Det er vanskeleg å møte tilsette i til dømes teknisk avdeling. Då forsvinn hensikta med å vere ein nærkommune. Alt skal skje på nett. Kan då like gjerne skje frå Masfjorden.
174	Fleire møteplassar og attraktive fritidsaktivitetar.
175	Bør bli ein kommune som satsar på ungdomen. Fått på plass infrastruktur som gjer det attraktivt å flytte til kommunen og at færre flyttar frå kommunen.
176	Ein kommune som er tettare knytt til regionen med mange arbeidsplassar og eit relativt stort antall nyinnflyttarar som har arbeidsplassar skapt i kommunen. Det vil krevje større satsing på tilbod som skapar trivsel som vil knyte nye innbyggjarar i kommunen sterkare til lokalsamfunnet. Utan eit lokalsamfunn med aktivitetar og tilbod innanfor idrett og kultur, så vil vi ikkje klare å halde på familiane som kjem.
177	Det vil jo endre seg, men det er vanskeleg å vite kva som skjer.
178	Trur mange tenester er meir sentralisert. Meir interkommunalt samarbeid.
179	Folkeauke.
180	Omtreng som i dag. Det burde vere ein ungdomsskule.

181	Mykje fritidsbustadar og -bruk. Få gardsbruk i drift.
182	Ein god plass å leve. Mykje ungdom. Kultur. Arbeidsplassar. Aukande folketall.
183	Meir sentralisert. Færre unge og fleire eldre, og dermed dårlegare (offentlege) tilbod.
184	I min krins vert det mange nye arbeidsplassar og det kan også bli mange innbyggjarar dersom Gulen legg til rette bustadfelt for dei som ynskjer å busetje seg.
185	Eit sentrum med rikt tilbod i Sløvåg. Symjehall, fleirbrukshall, lege og ulike helsetenester, aktivitetstilbod for born og unge.
186	Kommune med gode arbeidsplassar, fritidstilbod til både born og vaksne. Aukande folketall.
187	Det er avhengig av nye bustadfelt i kommunen.
188	Med litt fleire møtestader både for ungdom og vaksne.
189	Krangler sikkert endå om kvar bassenget skal vere.
190	Stor aktivitet i sørleg del av kommunen. Fergekø. Mangel på bustadar.
191	Færre innbyggjarar enn no. Fleire eldre. Nokre nye arbeidsplassar, men fleire som pendlar og ikkje bur i kommunen.
192	Stor nedgang i gebyr - blir flådd i dag.
193	Håpar vegane blir betre vedlikehaldt. At det kjem meir lys i alle bygder.
194	Håpar at kommunen er meir samla bygdene i mellom enn det er i dag. Håpar at vi opplever folkeauke. Redd for at vi slit med å få tak i nok helsepersonell.
195	Felles ungdomsskule, sjukeheim og idrettsanlegg med Masfjorden.
196	Betre vegar enn no, og sykkelveg. Fleirbrukshall.
197	Usikker, håpar at det blir meir attraktivt å bu for store og små. Symjeanlegg.
198	Håpar at det vert mindre som skal sentraliserast til Eivindvik, og at det blir meir mot Sløvåg.
199	Dessverre er nok kommunen påverka av at mykje ungdom ikkje flyttar heim att. Bygder dør ut tross arbeidsplassar.
200	Som ein kommune med auka innbyggjarar, skule og barnehage i alle fire bygder. Fin utvikling og mykje bra næringsliv. Mange austuropeiske innbyggjarar.
201	Det vil halde fram med nedgong i folketalet. Det vert gjort lite for å betre standarden på fylkesvegane. Færre born i skule og barnehage. Gulen vil fortsatt vere eigen kommune.
202	Mykje same som no, men færre som bur her.
203	God utvikling med mange arbeidsplassar slik at unge familiar kan bu her.
204	Som no, men med lågare folketal.
205	Ikkje ein god plass å bli avhengig av helsehjelp. Einsam og avhengig av familie som ikkje bur her eller i nabokommune.
206	Grøn kommune.
207	Framleis ein god stad å bu.
208	Som i dag. Trur kommunen blir ein utkant etter samanslåing med fleire kommunar.
209	Kommunen har fått fleirbrukshall. Gjerne med klatrevegg og bowlingbane.
210	Mange leikeplassar og grillplassar.
211	Symjebasseng og legesenter i Sløvåg.
212	Brekke er nytt kommunesenter. Symjebasseng, bowlinghall, kafe og diverse.
213	Alle kan gå / sykle gjennom bygdene utan å vere i fare i trafikken. Gode og trygge arbeidsplassar. Gode barnehage- og skuletilbod. Ungdom kan søkje vidaregåande i heile Vestland fylke.

214	Veksande.
215	Slått saman med Masfjorden kommune inkludert ungdomsskular.
216	Håpar på levande bygder og satsing på arbeidsplassar og menneske som ynskjer utvikling. Kommunen skal ikkje vere bremseklossen.
217	Gode møteplasser for born og unge. Variert tilbod for born og unge innan kultur og idrett.
218	På grunn av krigen i Ukraina, er det ei viss uro for framtida, og kva konsekvensar det vil få for landet. Likevel: Takka vere industrien i søre Gulen med mange arbeidsplassar er det mogleg å skape ein attraktiv og effektiv bu og arbeidsregion på halvøya Gulen-Masfjorden. Eg trur at vi kan lukkast med det ved å gjennomføre: Felles Samfunnsplan for Gulen og Masfjorden med ambisjonar om folkevekst, større ungdomsskulemiljø og idrettsmiljø. Helsecenter i Eivindvik og Hosteland, der alle innbyggjarane kan velje næraste legekontor/sjukeheim. Symje- og Idrettsanlegg ved Vidsyn. Gjer vi dette trur eg at vi vil sjå ei vekst med mange spennande småverksemdene rundt i bygdene. Og kanskje landbruket også. Fire bygdesenter som står høgt på samfunnsplanen i dag, er ein demotiverande faktor som må fjernast frå kommunale planar. Fortset kommunen på den kursen den har no, så ser eg for meg at vi går mot ei meir negativ utvikling.
219	Trur industrien er ekspandert.
220	Dersom det ikkje utførast tiltak ser eg for meg eit gjengrodd Gulen.
221	Slik det ser ut no, er eg redd det blir fråflytting. Men eg ser for meg ein kommune i vekst. Ungdomar og familiar har lyst til å flytte til kommunen. Det er mange arbeidsplassar og fritidstilbod, samt godt skulemiljø. Dei eldre har det godt - både i heimetenesta og i eldrebustad. Legetenester, brannvern og politi er lett tilgjengeleg. Slik verda dessverre ser ut no, må vi kanskje få på bana eit breiare psykisk helsevesen. Men eg vil vere positiv og har tru på at alt blir bra innan 2034.
222	Utvida / oppgraderte vegar som fører til hovudvegen E39.
223	Tilrettelegging av gode arbeidsplassar. Oppgradering av vegnett.
224	Håpar det går i rett retning for Gulen. At vi føler vi er i 2034. Betre vegar og trafikktryggleik. Fleire hus og innbyggjarar, og endå fleire feriefolk og hytter.
225	Alternative arbeidsplassar, fleire bustadtomter, kurbad / symjebasseng, kiropraktor, aktivitetspark, meir satsing på turisme, opprusta kommunale vegar, gratis ferge, apotek, polutsal.
226	Eg håpar at industrien blomstrar, at Gulen og Masfjorden har felles tenester - ev. er slått saman eller på andre måtar samarbeidar for å styrke tenesta til innbyggjarane. Skulane har eit omfattande samarbeid på tvers av bygder og elevtallet er gått opp grunna stor arbeidsinnvandring. 2 ferger over Fensfjorden og ny trase for veg frå søre del til Eivindvik. Folk byggjer husa sine der dei ynskjer, nokon i store bustadfelt og andre på utskild grunn frå heimgarden. Det er enkelt å bruke kollektivtransport for å kome seg rundt i kommunen.
227	At brann- og ambulansenesta fungerer i øyane. Ynskjer moglegheit for å bestille matvarer og medisinleveranse ut i øyane når ein sjølv ikkje kjem seg frå øyane.
228	Eivindvik er nedlagt. Sløvåg er kommunesenter.
229	Engasjerte innbyggjarar. Folk ynskjer å ta del i kyrkja. Strandsona er verna og tilrettelagt for turstiar ned til sjøen og skjerma for dyre- og fugleliv.
230	Gulen blir ein populær hyttekommune. Mykje industri, men folketalet vil halde seg som i dag.

231	Håpar at det framleis er fire skulesenter og at det er kome symjebasseng i Sløvåg.
232	Fleire tilflyttarar enn fråflyttarar. Solide arbeidsplassar - privat og offentleg. Nye bustadar i alle bygdesentera. Gode kultur- og idrettstilbod. Felles skule på ungdomstrinnet (Brekke med Matre). Barnehage og barnetrinn i alle bygder som no. Eldresenter i alle bygdesenter som no. Butikk i alle bygdesenter som no.
233	Ikkje noko betre enn no.
234	Mykje likt som det er no, men håpar at det kan vere symjebasseng og terapibasseng i kommunen.
235	Kommunesenteret er flytta sørover. Meir tilflytting til kommunen og fleire arbeidsplassar i områda Sløvåg / Skipavik.
236	Eit helsehus midt i kommunen. Eitt sentrum med levande bygder rundt. Utbetra veg gjennom kommunen frå Sløvåg og ein av vegane som fører til E39 er oppgradert. Betre fritidstilbod. Symjehall / fleirbrukshall, kultur, meir satsing innan fritidstilbod for born, unge og foreldre. Ein ungdomsskule. To fergeavgongar Sløvåg / Leirvåg. Tettare samarbeid mellom Gulen og Masfjorden; kommunale planar / satsingsområde. Kommunen har eit tettare samarbeid med næringslivet og greier å bruke / sjå ressursane. Meir samla kommune. Kommunehuset / delar av administrasjonen ligg i sørre del av kommunen. Det er då lettare å få fagkompetanse frå sør / Alver inn til kommunen. Gulen har attraktive tomter.
237	Auka befolkning fleire stadar i Gulen
238	Folketalsnedgang og fleire etatar som er lagt ned. Kommunen må bli betre pådrivar for å få ting i gang, og ikkje minst få opp farten.
239	Hyttkommune med færre levande grender.
240	Ein levande kommune.
241	Attraktiv bynær kommune med gode arbeidsplassar og næringsutvikling.
242	Håpar på ein attraktiv trivselskommune med gode arbeidsplassar og levande bygder.
243	Nedgang i folketallet.
244	Attraktiv kommune med gode arbeidsplassar og god infrastruktur. Betre ferjetilbod Sløvåg/Leirvåg på helg. Fått vekk forumeskatt. Gode fritidstilbod til unge. Symjebasseng. Ein ordførar som jobbar for heile kommunen og ikkje berre heimbygda si. Kommunesenter ligg sentralt.
245	Fleire innbyggjarar og utestad.
246	Trivs godt med tilgang til forskjellige fritidsaktivitetar samt tilfredsstillande arbeidsliv.
247	Slått saman med Masfjorden. Ein ytre- og indre region der sentrum i ytre ligg i Sløvåg / Eidsbotn og sentrum i indre ligg i Haugsvær / Brekke. To ungdomsskular - ein i kvart sentrum.
248	Gulen har allereie symjebasseng. Bru frå Flolid til Dalsøyra.
249	Som i dag; relativt få fastbuande og mange hyttefolk.
250	Auka innbyggjertall. Elevtall i skulen har auka. Fleire arbeidsplassar. Helsevesenet som no, helst betre. Betre veg.
251	Forhåpentlegvis framleis ikkje urørt natur, og ok jobbmoglegheiter.
252	Betre vegar.
253	Stor tilflytting og mange spennande arbeidsplassar.
254	Mitt håp er at dei enkelte bygdene kan samarbeide meir, og sjå at vi er så få at vi må godta å bevege oss innan kommunen for å oppretthalde og utvikle gode tilbod for alle. Då vert det endå betre å bu her.

255	Utvikling i havbruk; dette er berre starten.
256	Ein kommune i vekst.
257	Betre vegar.
258	Håpar at bygdekampane har roa seg og at kommunestyrepolitikarane og administrasjonen, på tvers av bygdegrensar og partitilhøyre, jobbar for å saman utvikle kommunen.
259	Endå fleire og varierte jobbmoglegheiter, at urørt natur held fram med å vere urørt. Breiare kulturtilbod og fleire møtestadar. Gjerne symjebasseng / fleirbrukshall som kan nyttast av alle aldersgrupper.
260	God stad å bu.
261	Gode offentlege tenestetilbod og gode vilkår for privat initiativ.
262	Politi og ambulanse er nærare. Førebyggjare helsetenester, fleire arbeidsplassar og treningstilbod i form av yoga, fysioterapi og muskelterapi.
263	Forehåpentlegvis betre enn i 2022.
264	Lagt til rette for felles kontorløyse for dei som har heimekontor med base i Bergen / Førde. Betre og fleire møteplassar for uorganisert aktivitet / samlingar i bygdene. Meir aktivitet på tvers av bygdene for borna, ungdomane og vaksne.
265	Håpar på fleire tilbod til familiar med born som til dømes fleirbrukshall med basseng, klatrepark osv.
266	Fergeavgong kvar halvtime. Fleirbrukshall med basseng i Sløvåg. Midlar til grendehusa slik at det blir mogleg å drive desse.
267	Det er blitt ein større kommune.
268	Mykje industri og to felt heile vegen heim.
269	Symjebasseng og trygge gangstiar.
270	Eg håpar Gulen kommune gjev god utdanning til elevane. At alle innbyggjarane har arbeid eller praksisplassar.
271	Ein kommune i vekst. Tilrettlagt for at fleire flyttar heim. Tilbod til born, symjebasseng for alle, fleirbrukshall på Dalsøyra. Fleire arbeidsplassar. Legesenter på Dalsøyra.
272	Terapibasseng i kommunen. Meir samkøyrte og samlande kommune. Ein kommune som ser innbyggjarane. Innbyggjarar som bryr seg om kvarandre, og går mot kvarandre - ikkje frå kvarandre.
273	God plass å bu, trygg kommune. Fantastisk naturmiljø.
274	Betre og breiare vegar slik at det er plass til gåande, folk med barnevogn og sykklar utan at det blir trafikkfarlege situasjonar. Symjebassenget er på plass.
275	Nye arbeidsplassar. Auka innbyggjertall.
276	Gulen skal vere grøn, moderne og ein attraktiv stad å bu.
277	Gang- og sykkelsti langs hovudvegen. Det er mykje trafikk og tungtrafikk på vegen.
278	Treningssenter på Dalsøyra, symjehall i kommunen - viktig for born og unge å bli vant til vatn frå tidleg levealder. Løpebane rundt fotballbana på Dalsøyra. Betre / tryggare veg mot Eivindvik.
279	Skal det blir vekst i Gulen, så må det byggjast fleire bustadfelt. Blir det som i dag, så går folketallet ned.
280	Utkantkommune.

281	Meir fråflytting. Vi er ein kommunen som ikkje skal satse på noko for framtida. Til dømes symjebasseng og idrettshall. Dette er noko ungdomane ser etter når dei skal busetje seg. Kommunen har alltid dårleg råd, noko eg ikkje kan forstå - samanlikna med kva andre kommunar får til, som ikkje har industri og næringsliv slik som i Gulen.
282	Håpar at det er kome fleire nye bustadar på Dalsøyra.
283	Synleg effekt av vekst i ytre delar av kommunen.
284	Meir tilflytting, også i dei mindre bygdene.
285	Sentralisering inn mot dei fire største bygdene, samt Eidsbotn / Hovden.
286	Ein god del nyetablering av arbeidsplassar i områda Sløvåg / Skipavik. Håpar at kommunen fram mot 2034 ikkje gløymer næringslivet andre stadar i kommunen - ein ny arbeidsplass i Brekke er like viktig for kommunen.
287	Fleire arbeidsplassar, meir kultur, idrettstilbod og ungdomstilbod.
288	Fleirbrukshall med symjebasseng i Sløvåg.
289	Korta ned vegen til Bergen. God vekst i alle fire skulekrinsane, med attraktive møteplassar for alle aldrar.
290	Skulle ynskje eg kunne skrive symjebasseng og hall, men denne diskusjonen verkar som aldri tek slutt. Det skjer lite frå kommunen si side. Mykje av utviklinga som skjer er dessverre kommunen lite delaktig i.
291	Det verkar som at kommunen misliker næringslivet, men vil ha skattepengane. Viss kommunen / administrasjonen og næringslivet kunne samarbeidd, så kunne ein skapt meir. Eg syns kulturen i kommunen er sterkt prega av jantelova og til tider er det lite nytenking og nyskapande. Dette hemmar utviklinga for innbyggjarane i kommunen. Når ein til dømes aldri får ein tannlege til å jobbe her, så bør ein gjerne sjå på kvifor. Det har ikkje vore problem med å få tannlege i Sløvåg. Det er ingen som tør å diskutere temaet plassering.
292	Betre vegar. Symjebasseng. Oftare fergeavgong Sløvåg-Leirvåg. Gode helsetilbod.
293	Betre vegar. Fergeavgong til Hisarøy midt på dagen. Beheld kommunesenter, skule, butikk og arbeidsplassar
294	Mykje urørt natur. Bruk av moderne teknologi for dei fleste føremål til dømes sjølvkøyrande "intelligente" jordbruksmaskiner (slik at også små areal kan utnyttast), produksjon av oppdrettsnæringa i form av larvar (automatiserte prosessar). Aktiv bruk av naturen også som arbeidsplass inkl. friluftsliv. Nærleik mellom innbyggjarar / kommuneadministrasjon / politikarar.
295	Håpar at skulane består, ev. at ungdomsskulen er saman med Matre. Viktig at aldersheimane er i bygdene og ikkje blir nedlagde - det betyr mykje for folk. Viktig at legekontor i Brekke ikkje blir lagt ned.

**Vedlegg 2: Svar på spørsmål 20: Har du noko anna på hjarte?**

Nr.	Har du noko anna på hjarte?
1	Fleire folkeavstemmingar. Til dømes om vindmøller.
2	Det må bli enklare å byggje og utvikle eigedom då behovet for bustad er stort og blir stadig større.
3	Det er for mange hytter i kommunen. Det gjer at ein vurderar å flytte.
4	Vi vil ha symjebasseng no.
5	Kommunen må få symjebasseng. Fjern eigedomsskatten og bygg ut vindmøller.
6	Gode og effektive kommunale tenester er viktig. Syns det mangla fleire alternativ i spørjeskjemaet. Vedk. spørsmålet om ein er engasjert i lag eller organisasjonar, sakna eg "Ja, litt". Dugnadsverksemda er litt travel på bygda då det er forventa at alle må bidra.
7	Transport til og frå ekspressbussen som går forbi instefjord fleire gongar om dagen.
8	Kommunen bør betale for veglys langs skulevegane. Inntektene frå eigedomsskatten kan finansiere dette.
9	Det må satsast meir - tørre å investere. Nytenking og endring i tenestene som Gulen kommune tilbyr.
10	Bygg synjebasseng, det er eit stort trekkplaster for nye tilflyttarar.
11	Håpa det ikkje vert 3. verdskrig.
12	Arbeid meir med næringsutvikling. Gulen kommune framstår som ein gutteklubb. Dei med kontakt til kommunehuset får støtte. Sats på tilrettelegging for alle. Kommunen har potensiale, men kommunen må arbeide hardt for å nå det.
13	Billigare straum.
14	Kommunen må tenkje framtidsretta når dei skal lage ny samfunnsplan.
15	Det bør satsast på veg; Sløvåg-Kringla. Fleire fergeavgongar. Ny ve; Sandøy-Byrknes. Stimulere næringsetablering ig vekst. Flytt kommunesenteret til Sløvåg.
16	Eg ynskjer at kommunen arbeidar like hardt for heile kommune, og alle bygdesenter. Eg er usikker på om eg har tillit til at administrasjonen ikkje favoriserar indre del / kommunesenter. Det er stor vekst i næringslivet i ytre del, som oppfattast lite verdsatt - og av og til motarbeidd. Eg ynskjer at det blir satt fokus på ytre / søre del. Eg ynskjer å få tillit til at administrasjonen jobbar med oss, og ikkje mot oss.
17	Billigare barnehage og SFO.
18	Svaralternativa er ikkje gode nok. Svara blir styrt i ynskt retning.
19	Håpa det vert fleire møtestadar for både unge og eldre, og at vi får symjebasseng i kommunen kombinert med klatre- / aktivitetspark og treningssenter.
20	Legg til rette for bygging av bustadar ti ungdomar og andre som skal arbeide i området, og ynskjer å bu i nærleik til arbeidsplassen.
21	Nei til vindmøller på land. Bevar den flotte naturen me har.
22	Ynskjer helsetenester slik vi hadde før samarbeidet med Knarvik vart oppretta. Kjøkken på eldresentra.
23	Det er mykje positivt på gong med nytt næringsliv og nye arbeidsplassar med behov for ny kompetanse. Dette er svært positivt.
24	Burde få idrettshall og symjebasseng.

25	Betre infrastruktur mellom bygdene, og til dømes kollektivtransport ved kulturarrangement slik at det er enkelt å komme seg mellom bygdene. Det vil vere ein fordel.
26	Gulen kommune må satse meir på småbygdene - gjere det meir attraktivt / mogleg å busetje seg i kommunen.
27	Samarbeidsvilje med næringslivet.
28	Me i utkantane ser lite til bruken av innbetalt eigedomsskatt.
29	Sats på ungdomane og barnefamiliane. Oppgrader tilbod og skule / barnehage. Samarbeid meir med næringslivet.
30	Kommunen må fokusere meir på industrien i sør. Legge til rette for ferge, vidareføre barnehage, trafikktryggleik Hovden-Sløvåg. Aktivitetshall med symjebasseng.
31	Kommunen bør ta over veglys. Kommunen må få bygd gangfelt til skule og barnehage der dette manglar. Fjern lågbygde ventilasjonsanlegg på skulane; dette øydelegg aktivitetar.
32	Vi må utvikle alle bygdene. Gulen kommune sin administrasjon har alt for einsidig fokus på so kalla senterutvikling i skulebygdene. Administrasjonen og politikarar må informere innbyggjarane, bistå med praktiske problem og hjelpe med utvikling alle stadar i Gulen. Rettleiing og assistanse koster lite, men er viktig for innbyggjarane. Kom ut og møt innbyggjarane i bygdene og ta på alvor det dei har på hjarte - og hjelp dei å halde liv i grendene.
33	Kommunen er for splitta med 4 større bygder som ikkje blir samde. Til dømes symjebassenget. Skal kommunen har lys i bygdene og få ungdom til å busetje seg, så må kommunen gjere noko.
34	Ta dei tøffe taka innan helse. Det må driftast på ein betre måte. Vi er heldige som har ekstra inntekter gjennom NORM og laksefond. Desse inntektene kan forsvinne på sikt. Då er det ikkje bra at vi driv slik at desse midlane blir brukt.
35	Symjebasseng i Sløvåg snarast.
36	Må satse på born og unge. Dersom ein ynskjer småbornsfamiliar til kommunen, så må dette bli betre.
37	Symjebasseng ville auka livskvaliteten mykje.
38	Fordel økonomiske ressursar betre. Prioriter oppvekst og helse framfor visningssenter og oppgraderingar av kommunesenter. Det ser flott ut på papiret, men til kva nytte dersom det ikkje buset seg folk i kommunen grunna frykt for nedskjering i oppvekst eller omsorg.
39	Ser eit behov for leigebustadar. Det er ikkje alle som flyttar til kommunen som ynskjer å kjøpe hus før dei veit om dei vil trivast her.
40	Få på plass fleirbrukshall med basseng i Sløvåg. Vere imøtekomande og hjelpsame dersom ungdom (og andre) ynskjer å byggje hus. Det er avgjerande for at vi ikkje skal bli færre innbyggjarar. Vi er heldige med industrien og gründerane som satsar i kommunen.
41	Viktig å satse på born og unge. Satse meir på reiseliv og turisme.
42	Symjebasseng som er plassert sentralt i kommune. Eit symjebasseng som kan brukast til fritidsaktivitet i tillegg til skuleundervisning. Det hadde vert eit godt tilbod for folk i alle aldrar.



43	Satse på møteplassar. Lage koslege plassar der folk i alle aldrar kan møtast ute i bygdene. Sitteplassar / bord gjerne under tak. Grillhytter. Enkle treningsapparat for utebruk. Lage / organisere ungdomsklubb i kvar skulekrins der unge kan møtast i all enkelheit. Gjerne bruke skulebygga eller bygdehusa. Kjøpe inn biljardbord, bordtennis eller andre spel. Høyre musikk, danse og ha enkel servering frå kiosk. Høyre kva dei unge kan tenke seg. Kanksje ein skatepark?
44	Tvang på avgifter i kommunen skaper ei utrygg framtid når ein blir sjuk.
45	Eg hadde flytta dersom det ikkje var for jobben min. Kommunen gjer ingen ting.
46	Satse på eitt område med fleire tilbod som symjebasseng og anna fritidstilbod i tilknytning til ny felles ungdomsskule. Skape uformelle møteplassar.
47	Eigedomsskatten er ikkje bra - spesielt for næringa.
48	Håpar kommunen legg til rette for fleire bustadfelt og industritomter. Det er bra å ha minst ei tomt klar slik at nokon raskt kan etablere seg.
49	Gulen kommune må konsentrere seg om kjerneverksemdene til kommunen: Oppvekst, helse og eldreomsorg.
50	Flytt kommunesenteret til området der vi vil ha fleirbruksanlegg.
51	Kommunen bør heller satse på idrettshall enn symjebasseng.
52	Utbetne vegnettet i kommunen.
53	Spørsmål 12 burde hatt fleire alternativ med ja (..).
54	Vegen til Eivindvik er ikkje god nok.
55	Gulen er ein god kommune å bu i.
56	Det må bli nytt bustadfelt på Dalsøyra no. Dei unge som vil etablere seg her er lei av å vente, og har begynt å flytte vekk.
57	Få motorsporttilbod i Gulen. Fotball og korps er ikkje for alle.
58	Symjebasseng i Sløvåg.
59	Det er lite bråk og støy, og det er godt.
60	Få ein plass der ein kan skru på bil og slikt.
61	Gulen må gjere seg meir attraktiv for unge folk; kanskje gratis barnehage, symjebasseng.
62	Fleirbrukshall eller symjebasseng i Sløvåg hadde vert fint.
63	Legetilbod på Byrknes må oppretthaldast 100 prosent; minst kvar onsdag - også om sommaren.
64	Kommunen må henge med; symjebassengsaka har pågått i to tiår. Utviklinga som har vert i kommunen har næringslivet stått for, som til dømes Vidsyn. Natur er ikkje nok til å selje inn Gulen. Dei som skal byggje og bu må få sjå naturen og sjøen frå stovevindauget. Samarbeid med næringslivet, få på plass symjebasseng, fleirbrukshall og attraktive tomter. Det er eit problem at bygdene dør ut og at hus blir tomme / brukt til feriehus. Kommunen legg til rette for fritidsbustad i bygdene, noko som fører til fleire tomme hus i kvardagen. Legg til rette for bustadbygging nær næringslivet og arbeidsplassane.
65	Kommunen må legge til rette for betre infrastruktur knytt til næringsutviklinga i kommunen. Legge til rette for at familiar kan busetje seg i kommunen.
66	Vi treng fleire bustadar i kommunen, spesielt i Ytre Gulen.
67	

68	Få folk til å trivast i kommunale stillingar. Dersom fleire får 100% stilling innan helse så vil kanskje ungdomen bli her. Ei undersøking om tilsette trivast på jobb i Gulen kommune.
69	Eg er glad for å bu her.
70	Saknar meir integrering av nytilflytta. Lag og kommunen kan saman lage arrangement.
71	Folk som flyttar til kommunen bør få fast arbeid.
72	Legg bassengsaka død og bruk pengane på omsorg og oppvekst; to viktig område å satse på i høve tilflytting. Viktig å ha butikk i kvart av dei fire bygdesentra.
73	Godkjenn spreidd bustadbygging i nærleik til sjø. Vi bur i Gulen av eit par hovudgrunnar: Fødd / vakse opp her og har gode minner frå den tida, ynskje om eit rolegare liv, glad i flott natur. Vi kan ikkje konkurrere med tilbod som større plassar har, og det er heller ikkje naudsynt. Slå Gulen i lag med Masfjorden, og gjerne Austrheim, Fedje og Solund. Lag ein sterre distriktkommune med fokus på flotte naturtomter, naust og flott natur samt gode kommunale tenester. Så kan vi reise til Bergen for å gå på kino, teater og andre kulturtilbod. Må byggje fleire bustadfelt i kommunen. Reduser formueskatten og inviter dei rikaste i landet til å byggje hus i strandsona vår. Våg å vere annleis. Nei til vindkraft. Fekk påminning no, så mogleg eg sender dobbelt. Takk for innsatsen i kommunen.
74	Kommunen må bli flinkare til å takke ja til tilboda frå næringslivet som gjer livet til innbyggjarane betre. Kommunen har svikta her. Til dømes gang- og sykkelveg frå Haugsdal til Vidsyn og frå Eidsbotn til Vidsyn, idrettsanlegg med kjekke fasilitetar for alle aldersgrupper. Dette hadde kanskje gjort kommunen meir attraktivt og redusert fråflytting.
75	Godt rutetilbod til øyane i kommunen slik at ein kan bu i øyane.
76	Betre kvalitet på vegane i kommunen.
77	Legge til rette for mobil, bustadfet nær industrien, gode vegar i heile kommunen, symjebasseng. Sjå på kommunestruktur og plassering.
78	Ikkje kutte i tilbod som barnehage og andre offentlege tilbod som gjer det vanskeleg å bu i bygdene. Det vil resultere i at folk ikkje buset seg eller flyttar vekk.
79	Det er fint i Gulen om sommaren, men kjipt om vintaren.
80	Symjebasseng.
81	Gulen kommune - og spesielt Eivindvik, er eit lite inkluderande samfunn. Det er utfordrande å bu her sosialt når ein ikkje er fødd / vakse opp her, har same religion / kultur.
82	Oppfordrar til å lage eit permanent tilbod om gjenvinning av avfall slik som i Frekhaug og Solund. Vi har same renovasjonsgebyr, men må reise 2 timar for å kvitte oss med avfall. Den midlartidige innsamlinga i Eivindvik er ikkje god nok for eldre og hyttefolk.
83	Gulen kommune er ein god kommunen å bu i. Eg trur det er viktig å satse på gode ungdomsmiljø - også på tvers av skulekretsane. Og tilby samlingsstadar for ungdommen som kjem på besøk etter å ha flytta vekk grunn utdanning. Dette kan gjere at nokon vel å flytte heim att, og kanskje andre følgjer etter. Gulen er heilt avhengig av at eigen ungdom flyttar heim att etter endt utdanning.
84	Symjebasseng er eit sagn. Det er mange med muskellidingar som har behov for denne type trening.
85	Gulen kommune har gjort mykje bra, og er på rett veg. Stå på og ikkje gje opp - lykke til.

86	Gulen kommune gjer ikkje nok for innbyggjarane og næringslivet i dag. Arbeid er det einaste som held meg og familien her. Kommunen må bruke tid på å tilrettelegge for innbyggjarar og nyttilflytta, få på plass viktig infrastruktur som idrettsanlegg i Sløvåg, gang- og sykkelsti med meir. Då kunne vi kanskje snudd dagens trend. Gjennomsnittsalderen stig, yngre innbyggjarar ynskjer seg vekk, skule / barnehage står tomme - vi er på feil kurs. Ambulansstrasjon på Dalsøyra er eit døme på investerig / prosjekt som ikkje gjer kommunen meir attraktivt / fører til auka tilflytting. Viktigare saker vert nedprioritert, som til dømes bustadfelt, idrettsanlegg, sykkelveggar med meir. Eg har liten tillit til kommunen - både politikarane og administrasjonen.
87	Betre tilbod til born og unge. Tenk om innbyggjarane kunne vert meir inkluderande - ikkje berre tenke på seg og sine.
88	Tilby ungdomane moglegheit til å byggje og bu i Gulen. Gjerne i form av økonomisk stønad; eit tilbod dei ikkje kan sei nei til.
89	Sats på enkle prosessar for å få ting til å skje. Vær ein ja-kommune som støttar idear. Positivt å bruke byggverk alternatovt i strandsona.
90	Eit symjebasseng i Sløvåg. Landbrukseigedomar som er selt til andre føremål må etterkontrollerast.
91	Flott at kommunen har ei slik undersøking.
92	Symjebasseng må prioriterast snarast.
93	Det hadde vert fint med symjebasseng og kanskje litt fleire butikkar på Byrknes eller Eivindvik. Gulen er på mange måtar perfekt for småbarnsfamiliar. Det er behov for fleire bustadar.
94	Vi treng ein langtidsplan som alle er einige om slik at det blir forutsikbart.
95	Eg skal flytte frå kommunen.
96	Innbyggjarane er ikkje inkluderande.
97	Fjern eigedomsskatten. Dårleg vegstandard. Kommunen gror igjen langs vegane. Bruk midlar på og løft inntrykket av kommunen ved skodrydding og opprusting av veg samt dei lokale sentruma. Gangveg. Born saknar fleire val innan fritidsaktivitetar. Enklare å byggje i strandsona og i LNF-område. Til slutt; Gulen kommune er ein god stad å bu.
98	Nei til vindmøller. Fokus på helseeffekt av rik natur. Innbyggjarane må få utforske dyreliv/flora via biblioteka og turområda.
99	Legevaktordning på ettermiddag, kveld, natt, helg.
100	Sjå løysingar, og ikkje berre problem.
101	Tilbod bør gjelde for alle. Betre tannlegetilbod i kommunen.
102	Eigedomsskatt, formueskatt og utbytteskatt må reduserast for at det skal bli attraktivt å busette seg i kommunen. Det er trist at Ola Braanaas flytter frå kommunen.
103	Gjere det enklare for unge å byggje.
104	Tenk stort og langsiktig. Tenk på alle og ikkje berre på eiga bygd.
105	Symjebasseng har vore diskutert i om lag 20 år i kommune; få til ei løysing. Kommunen treng også ein hall for å tilby fritidsaktivitetar. Dalsøyra har handballtrening der tre skulekrinsar deltek. Når ungane vert eldre er ikkje handball i gymsal godt nok. Ein hall har også fleire positive sider, som til dømes møttestad for alle aldrar.
106	Ta vare på jordbruket i kommunen, god handsaming knytt til søknadar frå bønder, gje stønad til dei som ynskjer å halde fram i kommunen - snakk dei fram.

107	Heile bygda må få uttale seg når det skal planleggjast større utbyggingar. Viktig at det ikkje er nokon få som får halde på åleine.
108	Attraktive tomter må stå øvst på lista. Det er det største lokkemiddelet vi har for å få tilflytting.
109	Få på plass symjebasseng. Få på plass trygg skuleveg. Auka fokus på mental helse. Bruke pengar på kultur of kulturtilbod utan at det går på bekosntning av helse og skule. Gulen kommune brukar lite pengar på kultur, spesielt for born og unge.
110	Kommunen må ivareta alle bygdene som er i dag, og utvikle desse på same premiss. Det er avgjerande for framtida. Forslag til motta i kommunen: Kvar ei bygd tel for det framtidige livet i kommunen. Alle for ein og ein for alle.
111	Det er på tide at kommunen satsar på trivsel og infrastruktur. Det må satsast på kultur og fritidstilbod. Det er behov for skysstilbod. Vi teng arenaer som samlar heile kommunen - ikkje berre bygdevis.
112	Ruste opp vegane i kommunen; spesielt Nordgulen - Eivindvik. Det manglar offentleg toalett.
113	Fokus på einsame menneske. Det er mange som sitt og ser tv heile dagen og har vanskeleg for å komme seg ut, og vanska for å be om hjelp. Det skulle vert ei besøksteneste for desse. Alle burde fått tilbod om ei besøksteneste med ynskjeliste over aktivitetar som kunne vert aktuelle. Det treng ikkje vere anna enn å bake ei kake, besøke ein venn, få hjelp til å rydde heime, lime bilder i album. Alt må ikkje føregå ute. Større omfang av støttekontakt. Bør ikkje vere nødvendig å vere sjuk for å få glede av tenesta.
114	Det bør vere eit kommunalt ansvar at skuleelevane har trygg og opplyst skuleveg. Slik er det ikkje i dag. Kanskje eidedomsskatt kan finansiere veglys?
115	Gulen har ikkje råd til basseng.
116	Det må leggjast til rette for bustad utanfor bygdesentra. Det er viktig for at unge folk vil busetje seg i områda dei har tilknytning til.
117	Kommunen heng etter når det kjem til utviklinga sør i kommunen; tomter, bustadbygging og tilrettelegging elles.
118	Det må bli slutt på at innbyggjarane i dei ulike bygdene berre fokuserer på eigne interesser i staden for å sjå det store biletet. På den måten blir ikkje symjebasseng, fleirbrukshall med meir realisert. Det blir usikkerheit knytt til barnehagane når det er trugsel som nedlegging. Kommunen hadde vert meir attraktiv dersom symjebasseng og fleirbrukshall hadde vert på plass; meir tilflytting og mindre fråflytting. Plassering er ikkje viktig i denne samanheng. Det viktigaste er det blir bygd. For å realisere dette må kommunen samarbeid med næringslivet som er villig til å ta sin del av rekinga - plassering er ikkje viktig.
119	Det må kome fleire fergeavgongar i sambandet Hisarøy for å unngå avfolking av øya. Det må vere mogleg å komme seg til / frå trening og andre aktivitetar - det er ikkje mogleg i dag. Me treng at ungdomen kjem tilbake for å bu her også.
120	Gulen må bli meir framtidretta, slik mottoet seier. Få på plass fleire bustadar for nyttilflytta som har fått arbeid her. Rullering av lærarar.
121	Ein flott restaurant / pub på dalsøyra for å samle kommunen. Utbetre vegen Sløvåg - Rutledal / Eivindvik.
122	Få til fast dekke og betre vedlikehald på kommunale vegar.

123	Det hadde vert kjekt om kommunen jobbar for å få betre rutetilbod for fergesambandet Hisarøy slik att småbarnsfamiliar som bur på Hisarøy kan vere med på aktivitetar i Evindvik utan å måtte køyre eigen båt. Betre mobildekning.
124	Ynskjer 2 ferger mellom Sløvåg og Leirvåg.
125	Eivindvik er ikkje midt i kommunen for innbyggjarane. Det er ikkje hensiktsmessig at det skal vere 3 legekontor. Det vil vere betre med eit moderne bygg på Dalsøyra. Då hadde det vert lettare å rekruttere legar til kommunen. Då slepp legane og helsesjukepleiarane å reise ut på alle kontora.
126	Hyllestad har klart på ein god måte å gjere kommunen attraktiv, både for innbyggjarane og potensielle nyttilflyttarar.
127	Meir arbeid for å utbetre vegnettet.
128	Innbyggjarane som bur i vest må uttale seg sakleg, og sjå kommunen som ein heilskap. Kommunale tilbod må plasserast sentralt geografisk.
129	Barneverntenesta skulle hatt endå ein arbeidsbil.
130	Området Hovden/Eidsbotn/Steine/Sløvåg må definerast som det femte bygdesenteret.
131	Symjebasseng i Sløvåg.
132	Eg håpar at eg sjølv kan vere med på å auke fritidstilbodet, velferdstilbod og generelt sett aktivitetstilbodet i kommunen. Vidare håpar eg at eg møter velvilje og interesse, slik at ein kan få utnytta dei ressursane som eg kan stille med. Og slik at flest mogleg kan nytte godt av det eg kan tilby. Om og når den tid kjem; så håpar eg også at kommunen sett pris på tilboda. Det at kommunen sett pris på pådrivarar, som ynskjer å starte opp eiga verksemd, kunne tilby eit par arbeidsplassar og fleire goder til innbyggjarane - det er i grunn vesentlig for om eg blir verande i kommunen.
133	Det er godt å vere pensjonist i kommunen.
134	Eg håpar at arealplanen snart er på plass.
135	Politikarane må drive fram heile kommunen, ikkje berre sentrum dei sjølv er busett i.
136	Symjebasseng i kommunen kan bidra til at dei som slit med helsa kan trene i varmtvatn, og dermed arbeide i fleire år.
137	Auka tilbod for born og unge. Auka tilbod for å sikre auka tilflytting. Skulane og barnehagane må rustast opp. Det er feil å legge ned Hovden barnehage.
138	Eit symjebasseng i kommunen blir eit viktig knutepunkt som vil styrke samhald og sosiale nettverk på tvers av bygdene. Symjebassenget vil bli ein ny møteplass i kommunen for alle aldrar.
139	Har ikkje tillit til administrasjonen.
140	Skule / barnehage og utekontora må oppretthaldast.
141	Gul midtstripe mellom Rutledal / Sløvåg samt oftare fergeavgong Sløvåg / Leirvåg.
142	Betre ferjetilbod og utbetring av vegnett. Auka fritidstilbod for unge og ungdom.
143	Mange kjekke aktivitetar for pensjonistar.
144	Kommunikasjon er viktig, og betre vegar. Då toler vi intern sentralisering betre.
145	Det kunne vert kjekt med fleire tilbod for born, til dømes fleire leikeplassar.
146	Gulen må vere positiv til alle som ynskjer å busetje seg i kommunen. Legge til rette så langt det lar seg gjere i bygdene - også utanom dei fire hovudbygdene; for både nybygg og restaurering av hus.
147	Symjebasseng i Sløvåg.

148	Fleire bustadfelt i kommunen og auka kollektivtransport.
149	Arbeide for at alle bygdesentera er like mykje verdt. Innbyggjarane må vere villige til å reise på tvers av kommunen, og inkludere dei som kjem frå andre stadar i kommunen. Kanskje gjere noko som skapar vi-følelse på tvers av bygdesentra; ikkje konkurrere bygdene i mellom, men vere stolt av kvarandre.
150	Symjebasseng.
151	Offentleg toalett.
152	Motorsporttilbod til dei unge.
153	Bustadtomter der folk ynskjer å bu.
154	Aktivitetshall i Sløvåg. Symjebasseng.
155	Fjern avgifter og eigedomsskatt. Betre kollektivtilbod.
156	Moglegheit for å ta buss til Bergen ved behov. Rutetilbodet er ikkje godt nok i dag.
157	Politikarane i Gulen må bli einige og ikkje ta omkampar - dra i same retning.
158	Billigare bussbilletter, ev. likt som sørsida av Fensfjorden. Det er godt busstilbod i øyane i kommunen, og det er bra.
159	Symjebasseng.
160	Utbetre vegnettet i kommunen.
161	Fleire arbeidsplassar i / rundt Brekke. Ruste opp sentrum med sittebenkar. Flytte busskur og traktorutstyr. Kontainer for glass/hermitikk bør flyttast ytterst i området. Veglys i sentrum. Bubilparkering med tømning for gråvatn / toalett, samt fylling av vatn i Brekke.
162	Fleirbrukshall og symjebasseng. Gulatingsparken treng eit løft. Statleg ansvar; utbetring fylkesveg og to fergeavgongar Sløvåg/Leirvåg.
163	Kommunen må sei ja til vindmøller på land - me treng meir straum.
164	Tilrettelegge for septiktømming for bubil og campingvogn i bygdesentra.
165	Ynskjer fortau frå grendahuset til Grima-krysset. Her er vegen for smal, og det utgjer ein stor risiko. Det hadde vert fint om kommunen slo langs vegen i øyane. Det er trangt for gåande og syklende når det kjem buss og vogntog.
166	Ynskjer at kommunen godkjenner Wergeland sine planar om å byggje idrettshall med symjebasseng i Sløvåg. Slutt å samle alt på Dalsøyra. For innbyggjarane i ytre vil det vere meir hensiktsmessig med symjebasseng i Sløvåg.
167	Sett meir pris på bøndene i Gulen medan dei framleis er her.
168	Det er for dårleg mobildekning.
169	Ikkje gløym Brekke - alt treng ikkje tilretteleggjast i Sløvåg. Ta vare på eksisterande innbyggjarar - ikkje berre fokuser på nye.
170	Eg håpar Gulen kommune tek vare på ungdom og familiar som etablerar seg her. Fjern eigedomsskatt. Det må bli ein attraktiv kommune å busetje seg i. Kanskje fleire tilbod for yngre? Spør ungdomen (ungdomsskuletrinna) kva som er viktig, kva dei vil endre / gjere annleis for at det skal bli meir attraktivt å bu i kommunen. Dei unge er framtida.
171	Satse på næringsliv, arbeidsplassar og tilbod for barn og unge.
172	Utbetre vegnettet i kommunen.

173	No har me høyrd snakk om symjebasseng i fleire tiår, men ingenting skjer. Det er snakk om eit minibasseng i Eivindvik som vil vere ope i berre korte periodar og egentlig meint for basisopplæring av born i skulen. Andre om eit like stort basseng på Dalsøyra. Slike basseng har me allereie nok av i denne kommunen. Me treng eit skikkelig basseng for brei aktivitet for alle innbyggjarar. Med industrien på lag kan eit slikt basseng vere ope alle kvelder og helg, utan at kostnadane vurderast i kommunen sitt årlege budsjett. Eit stort anlegg i Sløvåg vil kunne gje store ringverknadar som samlingspunkt samt motivere til brei aktivitet for folk i alle aldrar.
174	Det er viktig at ambulanse og brannvesen kan rykke ut på kort varsel. At rutebåten held fram.
175	Vi må ta vare på nytilflytta ungdom. Vi opplev i for stor grad at det flyttar igjen. Det burde tilretteleggjast for betre velkomst. Kanskje eit møte med ordførar og ein velkomstpakke. Vi må få alle nye landsmenn til å føle seg velkommen. Mogleg det skulle vert ein koordinator som kan bistå med dette. Koordinatoren kan ha fleire arbeidsoppgåver.
176	Viktig med barne- og ungdomskoordinator. Tilbod utanom fotball, skyting, 4H og korps manglar. Møteplass for alle - i alle aldrar.
177	I tillegg til satse på gode fritidstilbod og gode oppvekstilbod til born og ungdom; auke aktivitetstilbodet / trivselstilbod for eldre (busett på eldresenter / sjukheim / heimebuande). All honnør til politikarar og tilsette i kommunen som gjer sitt beste for å oppretthalde og vidareutvikle kommunen vår.
178	Håpar kommunen vil legge til rette for ungdom som vil flytte heim. Hjelp med tomter (i heile kommunen) rettleie i søknadar som må til. Gulen er ikkje spesiell, det er mange kommunar som har fleire og betre tilbod; difor er det viktig at me tek godt imot ungdom som vil bu her.
179	Symjebasseng eller fleirbrukshall i Sløvåg.
180	Kommunen må satse på tilflytting samt halde på innbyggjarane som kommunen allereie har. Kommunen må sjå på drifta; ha fire likeverdige bygdesenter er dyrt og gjer at kommunen ikkje kan satse, blir det sagt. Det er viktig at kommunen skal ha ei god eldreomsorg - men ikkje gløym born og unge som skal vidareutvikle kommunen. Vi må gjere det attraktivt slik at dei kjem att og buset seg her. Kommunen må tørre å satse, fortsette å arbeide - særleg samhandling med næringslivet. Kommunen har store ressursar som ikkje blir brukt.
181	Symjebasseng.
182	Betre rutetilbod på ferge. Auka satsing på veg og infrastruktur.
183	Bustadar i alle delane av kommunen. Hjelp gründera i oppstartsfasen (økonomisk), auke folketalet med nye arbeidsplassar. Fritidskoordinator, førebyggjande arbeid i forhold til born og unge. Heim for ein 50-lapp. Moglegheit for å bu heime for alle som skal starte på vidaregåande skule.
184	Gulen kommune har for få attraktive bustadtomter. Gulen satsar ikkje på at folk skal bygge hus eller at ungdom skal komme heim att etter utdanning. Ingen handling - berre snakking. Ynskjer å trivast i jobben min, i helsevesenet. Det er dumt at bilane våre blir øydelagt på dei dårlege vegane, særleg i ytre Gulen. Meir inkludering. Ungdomane har ingen plass å samlast. Det er mange som endrar til fastlege i Masfjorden. Gulen kommune har flott landskap og mange fine turstiar.

185	Det er viktig med møtestadar for ungdom og gode oppvekstmiljø for born. Det er viktig med god og trygg helse- og omsorgsteneste.
186	Redusere utbygging av hytter i kommunen.
187	Det må bli enklare å få byggje på heimplassen sin. Eg veit at høgare myndigheiter regulerer dette, men det må arbeidast målretta mot sentrale myndigheiter for å sikre endring av regelverk og auka sjølvråderett.
188	Symjebasseng for innbyggjarane. Plassering er ikkje viktig.
189	Symjebasseng for innbyggjarane. Fleire gang- og sykkelvegar. Tilrettelegge for fleire bustadar og nausttomter. Utbetre vegnettet med ny asfat.
190	Symjebasseng.
191	Fjerne eigedomsskatten.
192	Kommunen må bli flinkare til å høyre på innbyggjarane.
193	Gulen kommune har hatt eit ynskje om å leggje ned ungdomsskulen på Byrknes for å styrke Eivindvik. Dette må ikkje skje. Byrknes er ein attraktiv stad å bu. Det er mykje flott areal på vestsida av Byrknes med havutsikt; dette bør tilretteleggjast for nye tomter. Veggen inn til Nesevågen er smal og farleg. Det er mykje trafikk her, og det er behov for at den blir utbetra.
194	Slutte å felle tre. Fleire veglys. Utbetring veg. Bygge leilegheiter på Byrknes.
195	Alle i Gulen må ha fokus på å skape gode lokalmiljø med gode tilbod for unge og eldre. Vi må utvikle kommunen vår saman for å gjere kommunen vår attraktiv for familiar. Det meste ligg godt til rette for god utvikling framover. Den største trusselen er "bygdedyret".
196	Ynskjer ein samlingsplass.
197	Nyrekruttering av viktig arbeidskraft fungerer ikkje i offentleg sektor. Kommunen er ikkje god nok til å ta vare på eksisterande ressursar, og nytenking manglar. Kommunen mistar eksisterande arbeidskraft og er ikkje attraktiv for nye krefter. Noko må gjerast for å snu trenden. Fin natur er ikkje nok for å vere attraktiv.
198	Kommunen må auke fokuset på Dalsøyra; kommunalt bustadfelt, fleirbrukshall med symjebasseng. Dalsøyra ligg sentralt i kommunen, og symjebasseng må vere i nærleik av ein skule.
199	Kommunen må satse på alle krinsane, også indre. Prøve å arbeide fram fleire arbeidsplassar. Sikre legetilbodet i indre del av kommunen.
200	Alle bygdene må bestå - innbyggjarane må få bu der dei ynskjer.
201	Rassikre veg mellom Brekke og Instefjord.
202	Ynskjer utbygging av vindmøller slik at det blir fleire berekraftige arbeidsplassar for innbyggjarane. Dersom kommunen ikkje har midlar til ut å utbetre vegane, så må kommunen krevje subsidie frå regjeringa. Lag tiårsplan for utbetring av veg. Kommunen må tilrettelegge for kortare avstand til by.
203	Kommunale veglys. Ein stad i Gulen er det norske sanitetskvinnene som betalar for veglys. Slik skal det ikkje vere. Kommunen må ordne veglys i heile kommunen; belast innbyggjarane med kommunale avgifter slik andre kommunar gjer. Ikkje overlat dette til lag og organisasjonar som slit med inntektene.
204	Ynskjer symjebasseng i kommunen og fleire arbeidsplassar.



205	Eg ynskjer at Gulen kommune støtter lokale lag og organisasjonar, både ved å hjelpe med utfylling av skjema, finne stønadsordningar og ikkje minst økonomisk stønad. Dei frivillige i kommunen arbeidar mange dugnadstimar, omrekna blir det gjort dugnadsarbeid for hundretusenvis av kroner kvart einaste år. Denne dugnaden må alle juble for, også kommunen. Korleis gjer kommunen det i dag?
206	Utbetrevegdekke. Vintervedlikehald blir store utgifter.
207	Legekontor på Byrknes eller Vidsyn. Frisør og fotterapeut på legekontoret. Nytt kommunesenter på Vidsyn. Betre og kortare veg til kommunale tenester.
208	Det er viktig å fokusere på å gjere kommunen meir attraktiv for alle som bur her og dei som tenker på å flytte hit. Satsing på born og unge ved å oppretthalde barnehagane vi har er viktig. Det er viktig med aktivitetstilbod i kommunen.
209	Nye bustadfelt og fleire arbeidsplassar i kommunen.
210	Det er for låg pedagogisk kompetanse i barnehage og skule. Kvaliteten i barnehage og skule vil bli dårlegare komande år. Rekruttering av kompetanse er viktig samt halde på eksisterande ressursar.
211	Utvikle og tilrettelegge. Ekspropriere området rundt badestranda i Dingja.
212	Ei utfordring for kommunen fram mot 2034 vil vere å få folk som arbeidar i Sløvåg/Skipavik samt andre som pendlar til kommunen, til å busetje seg her. Det er mange som pendlar over fjorden med ferga. For å oppretthalde levande lokalsamfunn så treng vi tilflytting. Heile kommunen må få fokus. Vi må bli attraktive for familiar der den eine i husstaden arbeidar turnus (til dømes i nordsjøen). Kommunen har mykje å by på for dei som er glad i natur / sjø - vi har difor gode forutsetningar for å vere attraktiv for dei som verdsett dette.
213	Bygg fleirbrukshall.
214	Alle bygdene må vere likeverdige. Plutseleg har Eidsbotn fleire innbyggjarar enn Brekke / Dalsøyra / Eivindvik / Byrknes. Då må tilboda byggjast der det er behov for tilboda.
215	Syns kommunen er lite framtidsretta kva gjeld utvikling av helsetenestene i kommunen. Gamal struktur og lite nytenking. Det er dyrt å drifte fire bu- og omsorgstenester og ein sjukeheim. Brukarane får lett plass på omsorgssenter kontra å bu heime med tilbod om heimetenester. Stille spørsmålteikn til ein kostbar ambulansestasjon utan å inkludere fleire offentlege tenester, som til dømes eit legekontor. Utekontor utan journalsystem og mindre utstyr fungerer dårleg. Kvifor blir ikkje ungdomsskulane slått saman? Det er eit stort ynskje frå mange elevar. Med redusert elevtall er det behov for større fellesskap og nettverk. Slå saman Dalsøyra og Eivindvik, med lokalitet på Dalsøyra. Buss er ikkje eit problem. Opplever vedtaksvegring blant politikarane. Mistenker at administrasjonen styrer utvikling i unaturleg retning. Kommunen viser lite engasjement for bustadbygging i delane av kommunen som ikkje er i dei fire bygdesentera. Innbyggjarnane må få byggje der dei ynskjer / har opphav. Det er viktig med eit symjebasseng som næringslivet er involvert i. Det er ikkje grunnlag for å drive verken symjebasseng eller idretthall på dugnad på Dalsøyra.
216	Med betre vegar så hadde vi brukt mindre tid i bil, og dermed redusert avstandane mellom bygdene. To ungdomsskular i kommunen: Brekke og Dalsøyra. Ungdom hadde blitt betre kjent og fått større klasse miljø. Det er viktig med jordmorteneste og psykologteneste i kommunen. Lokalt politikontor. Legevaktordning etter kl 16 i kommunen.
217	Vatn i bassenget.

218	Det hadde vert fint om folk viste vilje til delta på ting som skjer utanfor bygda si. Ynskje kvarandre vel og samarbeide om ei felles framtid. Sosiale møtestadar som knytter kommunen saman på tvers av bygdene.
219	Utbetring veg. Attraktive bustadfelt slik at ungdomen ynskjer å kome heim igjen.